



Informasjonsnotat

Til:
Kommunestyret

Frå:
Karl Viken

Spørsmål og svar om budsjett 2023

Saknr/Journalnr
22/326/22/9874//KV

Arkivkode
FE-151

Dato:
05.12.2022

Svar på spørsmål frå Anja Elisabeth Gjerde Markhus, BL

Spørsmål 1:

Skulane i Samnanger skal ha innsparingar komande år. Det er komt informasjon om at dette mellom anna vil føra til samanslåing av klassar, og at valfag/bading vert teke vekk. Kan kommunestyret få ei utgreiing om dette? Er dette spesifiserte tiltak som er bestemt skal settast i verk? Det hadde vore nyttig med informasjon om dette, om prosessen rundt det.

Svar:

Viser til presentasjon i budsjettseminaret 20.10.22 og presentasjon i formannskapet 10.11.22. Her informerte eg om at det ville komme generelle nedtrekk på alle sektorane våre. Det vart førelagt eit nedtrekk på 2,5 mill på oppvekstsektoren. Dette nedtrekket skal arbeidast med og rapportertast til politisk nivå gjennom 2023. Det å ha generelle nedtrekk er ikkje uvanleg, og kjem gjerne som ein følgje av at ein treng lenger tid for å få eit samla budsjettframlegg til å henge saman økonomisk, dersom ein ikkje kom i mål med budsjettprosessen. Rådmannen har vore klar på at dette ikkje er spesifisert med omsyn til kva tiltak og ev. konsekvensar desse tiltaka vil føre til. Det medfører difor ikkje riktighet dersom det vert forstått slik at det føreligg konkrete planar, konsekvensar eller tiltak på dette tidspunkt.

Spørsmål 2:

Også det at me skal halda 2022- nivå i budsjettet er det greit å få ei innføring i.

Svar:

Utgangspunktet var at ein ikkje skulle plussa på rammene. At utgangspunkt for budsjett 2023 var rammene for 2022. Det vil seia at påplussingar og nye tiltak og behov i utgangspunktet måtte finansierast med reduserande tiltak innanfor sektoren eller eininga si ramme. I tillegg kom ein del andre moment som er skildra i premissdokumentet; m.a. tiltak som var lagt inn i førre økonomiplan som gjekk over fleire år og tiltak som ligg i budsjettpremissane (halvering eigedomsskatt, næringsutviklar m.m). Det er nokre endringar i budsjettet frå 2022 til 2023; den store

endringa i tala er at ein i 2023 legg inn om lag 10 mill. kr meir i konsesjonskraftinntekter (31 mill. kr i bruttoinntekt).

Spørsmål 3:

Skal det i 2023 koma auka overføringar til helse frå oppvekst? Er det nødvendig allereie neste år? I tilfelle kvifor? Eldrebølga er eit argument, men er dette over ein periode i heile økonomiplanen?

Svar:

Økonomiplan - Det vart vedteke i premissaka i juni 2022 (premiss 3) at i utarbeidinga av økonomiplan for 2023 – 2026 må ein søkje å disponere og omprioritere midlar på ein slik måte at kommunen tilpassar seg demografiutfordringar. I saka vart det vist til auke i eldre og færre yngre, ein trend som har gått i mange år, og som kommunen må tilpasse seg. I kvart politisk møte vert foil med figur som syner at behovet i PLO går opp. Oppvekst sitt behov for tenester har gått ned, og vil gå kontinuerleg ned i åra som kjem.

Spesifikt budsjett – Det er ikkje ein overføring av midlar frå oppvekst til helse og omsorg i budsjettet. Viss ein fyrst ser på Oppvekst så var utgangspunktet at dei skulle ha ein reduksjon fordi det har vore demografiendringar (utarbeida av oppvekst 2021 og vedteke i budsjett 2022), og fordi det er stengt ein barnehageavdeling hausten 2022 (då får ein dobbel effekt året etter).

Når budsjettprosessen no er ferdig så har Oppvekst auka budsjettet med 1,3 mill. kr ift 2022 (etter pris og lønsvekst) – det er altså ingen overføring. Altså ikkje redusert.

Når det gjeld Helse og omsorg så har budsjettala auka (+10,8 mill. kr). Pensjonskostnadar er vel halvparten av dette (5,6 mill. kr). Resten er påplussingar med spesifikke tiltak som er nye;

- Leiarressurs PLO, 1 mill. kr, Lege og helsestasjon 0,5 mill. kr, Livsmeistring/
barnevernsreforma 2,3 mill. kr, sal av sjukeheims plassar teke ut 1,1 mill. kr.

Poenget er at dette ikkje er ein generell styrking av økonomien til HO, og iverfall ikkje på bekostning av Oppvekst. Tiltaka har og veldig lite med demografiutviklinga å gjere – leiarressursen på PLO kan kanskje vere det gjennom ei betre organisering av tenesta.

Dersom politikarane vil ta ut nokre av desse tiltak utan at det svekkar budsjettet til Helse og omsorg, så kan ein ta ut leiarressursen og legge inn sal av sjukeheims plassar. Dei andre tiltaka er meirkostnadar som kommunen har fått (m.a. grunna barnevernsreforma) og som er vanskelegare å gjere noko med.

Det som og bør nemnast som noko som betyr noko er at ein må sjå på om sektorane har negativ drift i 2022.

Helse og omsorg har årsprognose som tilseier eit forbruk som er over budsjett – negativt resultat på 2,5 mill. kr, Oppvekst har årsprognose som tilseier samla negativt resultat på 0,4 mill. kr.

Det vil seie at Helse og omsorg startar 2023 med eit 2,1 mill. kr dårlegare utgangspunkt enn Oppvekst, og dette er negativ drift som sektorane må ta inn i 2023 for å kome i balanse.

Svar på spørsmål frå Øyvind Strømmen, MDG

Spørsmål 1:

Dersom ein istadenfor å halvera eigeomsskattesatsen aukar botnfrådraget frå 30.000 kroner til 200.000 kroner, kva for budsjettkonsekvens ville dette ha?

Svar:

Utgangspunkt er at rådmannen har redusert eigedomsskatten ved halvere takseringa frå 2,8 ‰ til 1,4 ‰. Dette har ein kostnad på 2,8 mill. kr.

Eit botnfradrag på 200 000 kr i staden for 30 000 kr som eit alternativ, vil ha ein kostnad på 1 mill. kr. Altså ein budsjettkonsekvens som gjev ein reduksjon på 1,8 mill. kr - samanlikna med rådmannen sin framlegg.

Effekten på eigedomsskatten vert at alle med eigedomsskatt på hus og hytter betaler 476 kr mindre for sin eigedom. Dette uansett om bustaden eller hytta er verditaksert til eksempelvis 1,0 mill. kr eller 7 mill. kr. Nokre fleire vil ikkje betale eigedomsskatt fordi dei kjem under minstegrensa for eigedomsskatt på 300 kr. Samanlikna med det som ligg i rådmannen sitt framlegg med ein halvering av eigedomsskatt dreier dette seg om 35 eigedommar; i all hovudsak hytter med låg verdi.

Spørsmål 2:

I formannskapet vart det sett fram ei rekkje framlegg utan konkret kostnadsrekning (framlegg 2-4 frå Odd Arne Haga, framlegg 5 frå Martin Haugen), med føreslegen finansiering frå disposisjonsfondet. Kva kostnader vil administrasjonen anslå at dei føreslegne tiltaka har?

Svar:

Under er rådmannen sin vurderingar av kostnadane ved framlegg som er sett fram. Det er å poengtera er vanskeleg å stipulera kostnaden ved nokre av tiltaka. Alt heng saman med kva innhald ein legg i tiltaka. I praksis vil rådmannen ofte få ein løyvd sum til eit formål, og må utarbeide eit tiltak med innhald som er styrt av denne ramma.

Framlegg 2: Skulemat

Ungdomsskulen har 80 000 kr i budsjettet til gratis lunsj ein gang i veka. Dersom ein tek utgangspunkt i denne summen på ungdomsskulen, og at ein kan gjera noko innsparing på innkjøpskostnad ved å handla billigare matvarer lokalt, så kan ein stipulera ein omtrentleg total årleg kostnad.

Med nemnde føresetnadar vil rådmannen stipulera kostnaden til å vera kr 80 000 kr for ein ekstra dag med lunsj på ungdomsskulen. Gratis frukost på både barneskulen og ungdomsskulen kvar dag kan stipulerast til om lag 300 000 kr.

Samla kostnad av framlegget kan då stipulerast til mellom om 400 000 kr og 600 000 kr; alt etter kor stor innsparing ein kan oppnå på å kjøpa rimelegare mat, kva nivå som er på tilbodet og kva personalressursane som må setjast av for å gjennomføra tiltaket.

Framlegg 3: Styrketrening for eldre

Det er særst vanskeleg å fastslå passande sum for dette framlegget utan å ha sett på ulike alternative tiltak for å møte problemstillinga. Her kan politisk nivå gjera framlegg om ein sum, og skissere eit tilbod som administrasjonen må følgje opp. Alternativt be rådmann om å utgreie ulike alternative løysingar. Innhaldet i tilbodet er med andre ord avgjerande; det kan vera særst rimeleg og det kan vera eit særst godt, men særst kostbart tilbod.

Framlegg 4: Fjerning av all eigedomsskatt frå 1.1.2023

Dette framlegget vil koste 2,6 mill. kr. Dette samanlikna med rådmannen sitt framlegg der halvering av eigedomsskatten ligg inne.

Framlegg 5: Vinteropen kunstgrasbane i Hagabotnane

Dette framlegget kostar 165 000 kr i 2023; deretter 40 000 kr åreleg frå og med 2024.

Spørsmål 3:

Det vart i tillegg føreslege nokre verbalpunkt frå Knut Harald Frøland; er det slik administrasjonen ser det knytt kostnader til desse (utover i form av prioritering av arbeidstid / kapasitet)?

Svar:

Når det gjeld framlegg/ tilleggspunkt 6- 9 (Bubilparkering, Relativ fattigdom, Ny kunstgrasbane Hagabotnane, motorsportbane) så vurderer rådmannen det slik at det er lagt opp slik at administrasjonen utarbeider framlegg til løysingar med tilhøyrande kostnadsoverslag. Det er vanskeleg å koma med kostnadsvurderingar før arbeidet er gjort, så kostnadane på sjølve tiltaka må rådmannen koma attende til.

På det noverande tidspunkt vurderer rådmannen at arbeidet med moglege løysingar for dei ulike framlegga og problemstillingane kan i all hovudsak gjerast innanfor den ordinære drifta i administrasjonen. Dersom dette ikkje lar seg gjere, og ekstern hjelp må vurderast, vil rådmannen koma attende med framlegg til anten frikjøp av eigne ressursar, eller innkjøp av ekstern bistand i løpet av 2023.

Spørsmål 4: Sosialhjelpssatsar

Er talet på sosialhjelpsmottakarar i Samnanger aukande?

Svar:

Ja, det er aukande kostnader til sosialhjelp i Samnanger kommune. Hovudårsaka er ankomne flyktningar frå Ukraina. Integreringstilskotet frå staten skal dekke Samnanger kommune sine kostnader for denne gruppa.

Sett bort frå ukrainske flyktningar er det ein liten oppgang på personar i kommunen som mottek sosialhjelp.

Ligg Samnanger i dag på dei rettleiande sosialhjelpssatsane?

Svar:

Ja, Samnanger føl dei rettleiande sosialhjelpssatsane frå statleg hald. Under er satsane som er i bruk i Samnanger kommune:

Normal sats	Pr mnd	Pr veke	Pr dag
-------------	--------	---------	--------

Einsleg	6 650	1 552	222
Ektepar/sambuar	11 150	2 602	372
Person i bufellesskap	5 600	1 307	187
Barn 0 - 5 år	3 250	758	108
Barn 6 - 10 år	3 350	782	112
Barn 11 - 17 år	4 400	1 027	147

Korttidssats (75%)	Pr mnd	Pr veke	Pr dag
Einsleg	4 988	1 164	166
Ektepar/sambuar	8 363	1 951	279
Person i bufellesskap	4 200	980	140
Barn 0 – 5 år	2 438	569	81
Barn 6 – 10 år	2 513	586	84
Barn 11 – 17 år	3 300	770	110

Kva vil vera kostnaden ved å auka sosialhjelpsatsen, som i Bergen kommune ?

Svar:

Under er Bergen kommune sine satsar:

I Bergen kommune har dei fylgjande rettleiande satsar for utmåling av livsopphald pr. måned (jamfør Bergen kommune sine internettsider)

Einsleg utan barn:	kr. 8.260,-
Ektepar/sambuarar:	kr. 13.820,-
Personar som deler husholding:	kr. 6.910,-
Heimebuande ungdom under 25. år:	kr. 6.340,-
Barn 0-5 år	kr. 3.490,-
Barn 6-10 år	kr. 4.250,-
Barn 11-17 år	kr. 5.230,-

Det utmålås ikkje barnetillegg frå og med barn nr. 4. Rettleiande livsopphaldsats omfattar vanlege utgifter til grunnleggande behov. Dette er blant annet utgifter til mat, drikke, kle, sko, hushaldningsartiklar, hygieneartiklar, mindre utgifter til lege, medisin og apotekutgifter, kommunikasjon, fritid, sosiale behov, reiseutgifter, innbuforsikring samt mobil- og internettutgifter.

Det vert synt til - Rundskriv til lov om sosiale tenester i NAV 4.18.1 Om bestemmelsen:

«Hovudprinsippet for behandling av søknad om økonomisk stønad er at det skal foretas konkrete og individuelle vurderingar av hjelpebehov, stønadsbeløp og stønadsform. NAV-kontoret har både rett og plikt til å foreta skjønnsmessige vurderingar i kva enkelt sak. I alle vurderingar skal det leggjast vekt på å fremme lovens formål best mogleg. Vurderingane skal gjerast innanfor ramma av gjeldande lov- og forskriftsbestemmelser, og så langt som mogleg føretakast i samarbeid med tenestemottakaren.»

Dersom Samnanger kommune skal endra livsopphaldssatsar, og innhaldet i livsopphaldsbegrepet, er det ein fare for at vi ikkje gjer ein konkret og individuell vurdering av søkjar sitt hjelpebehov, stønadsbeløp og stønadsform. Søkjar vil da få ein sum som skal gå til utgifter dei tidlegare har fått sosialhjelp til etter det utgiftene heilt nøyaktig kostar. Dette er ein viktig faktor å ta med i vurderinga av ei eventuell endring i rutinar for sosialhjelp i Samnanger kommune.

Skilnaden mellom Samnanger kommune og Bergen kommune:

Livsopphald for f.eks. ein einsleg er i Bergen kr. 1.610,- pr. månad høgare enn i Samnanger. Men i Samnanger får personar som mottar sosialhjelp ekstra stønad til kle, internett, legekonsultasjonar, fysioterapibehandling, medisin på resept, innbuforsikring og reiseutgifter til og frå jobb. Vi gir også barnetillegg til alle barn i ein familie og ikkje berre 3 pr. familie som i Bergen kommune.

Konklusjon: Det er vanskeleg å komme fram til ein sum for kor mykje meir det vil kosta Samnanger kommune om vi skal følgja Bergen kommune sine satsar. Det er og vanskeleg å seia om dette faktisk er tenleg for dei som mottek sosialhjelp. Einskilde personar/ familiar vil få ein betre økonomisk situasjon dersom kostnadar til medisin, legekonsultasjonar, internett, innbuforsikring og reiseutgifter er låge. Men dersom desse kostnadane er høge vil dei kunne få ein vanskelegare økonomisk situasjon då dei ikkje får dette dekkja ved eit høgare grunnbeløp.

Vurderinga til rådmannen er at vi ville betalt ut ein høgare grunnsum med Bergen sine takstar og prinsipp, men det er ikkje sikkert det ville kosta kommunen meir eller at sosialhjelpsmottakaren ville hatt meir å rutte med når ein tek med i berekninga at summen som Bergen kommune opererer med skal dekke fleire typar kostnadar.